

Prosjektskildring om dokumentasjonsprosjektet: 95 slåttar frå Granvin herad

Ingen annan stad i Hardanger, har så mange slåttar og spelemenn, som det Granvin har hatt opp gjennom historia. Spelemannslina der går i ein ubrotten tradisjon attende til Anved Prestgarden fødd i 1729, og fram til Knut Hamre i dag. Granvin skil seg såleis ut som ein av dei fremste folkemusikkbygder i Noreg.

Knut Hamre er ålmenn sedd på som ikkje mindre enn ein av vore fremste folkemusikarar i norsk musikkhistorie. Han har gått i læra hjå berre dei beste, og som tolvåring byrja han i lære hjå Anders Kjerland. Då var Hamre den einaste i sin generasjon som førde tradisjonen vidare. Knut Hamre tileigna seg heile Anders Kjerland sitt store repertoar på 500-600 slåttar, både slåttemusikken og runddansmusikken, over ei læretid på om lag tretti år. Berre i Granvin åleine, høyer 95 av desse slåttane til.

Nye innspelningar samla

No skal Knut Hamre gjera ei innspeling som omfattar det totale slåtterepertoaret heimehøyrande Granvin. Dette repertoaret har aldri vore gjeve ut samla før for eit ålment publikum. Av andre tidlegare folkemusikk-utgjevingar, har det vore spela inn om lag 30 av desse 95 slåttane, av ulike felespelarar.

Knut Hamre sit inne med slåttar og historisk kunnskap om dette repertoaret som framleis ikkje er nedskrive, og finst berre i munnleg tradisjon. Mange av slåttane er han også åleine om å kunna i dag. Han er såleis einaste livs levande kjelde som sit inne med denne kunnskapen.

Det er svært viktig å få gjort dette innspelingsarbeidet for å sikra vidareføring av vår kulturarv gjennom vår fremste tradisjonsberar i området.

Referanseverk

Samlinga vil utgjera totalt 5 CD-ar med slåttemusikk. Innspelningane vil setjast opp systematisk, alt etter kven som er spelemannskjelda til slåttane. I tillegg vil det samlast viktige bilete og forfattast eit utførleg teksthefte som fylgjer utgjevinga, med oversyn og biografiar om spelemenn, informasjon om dei einskilde slåttane, historisk utgreiing om Granvin og folkemusikken derifrå, og sjølv sagt også om Knut Hamre som spelemann og læremeister.

Innspelninga vil også vera eit viktig dokumentasjonsprosjekt over repertoaret og uttrykksmåten til Knut Hamre som spelemann. Som ein av Noregs fremste folkemusikarar nokon gong, er det viktig at han som kunstnar og kjelde vert dokumentert nøysamt.

Målet er at denne utgjevinga skal kunna stå som eit referanseverk for ettertida.

Framdriftsplan

Det vert totalt 9 dagar med opptak, med oppstart 24.- 26. april 2016.

Vidare opptak vert gjort i november og desember 2016.

Miks og mastring juni 2016 og januar 2017.

Utgjeving mars / april 2017.

Solist: Knut Hamre.

Lydteknikar: Audun Strype.

Produsent og forfattar: Benedicte Maurseth

Plateselskapet Heilo/Grappa

Utgjevinga skal koma ut på plateselskapet Heilo / Grappa, og vil slik bli tilgjengeleg for den ålmenne marknad, gjennom både fysisk og digital-utgåve av innspelninga.

Avslutning:

Det er viktig å få sikra grundig så snart som råd den kunnskap Knut Hamre er åleine om å ha i dag. Prosjektet er stort og kostnadsrikt. Eg vonar Hardanger Spelemannslags kan og vil vera med å sikra vår særmerkte kunst for komande generasjonar.

Signert:

Benedicte Maurseth

Produsent og prosjektansvarleg, i samarbeid med Heilo/Grappa.

